

Til Helseminister Jan Christian Vestre

No må nokon gjera noko med det!

Ventetida for å få utredning og behandling for hørselstap er urimeleg lang i heile landet, hos oss i Ullensvang kommune er det per i dag 52 veker. Dette er alt for lenge for + 80 gruppa.

God hørsel er avgjerande for å kunne fungere sosialt. Forskning viser at hørselstap som ikkje vert behandla kan føre til demens.

28.sept 2020 vart «Utredning av tilbod til hørselshemmede» presentert av Helsedirektoratet.

Rapporten kom fram med fleire forslag til løysing av utfordringa, mellom anna ambulerande audiografar og lokalmedisinske sentre. Ut frå det vi kjenner til ligg sannsynlegvis rapporten godt gøymt i ein skuff!

Ventetida frå 2020 til 2024 har blitt vesentleg lengre, tiltaka som vart foreslått har anten ikkje fungert eller ikkje gjort noko med!

PF Odda Tyssedal og Eldrerådet i Ullensvang byrja i 2017 å arbeide for og få eit lokalt tilbod ved sjukehuset i Odda. Vi fekk då eit munnleg tilslagn om ei slik etablering, men ingen ting har skjedd. Årsakene er sagt å vera mangel på audiografar og økonomi. Og etter vår oppfatning, mangel på vilje. «Markedet» i Indre Hardanger og deler av Kvinnherad er i alle fall stort nok. Og tur/retur Haugesund er svært lang for mange av oss eldre. Dette medfører at mange gjev opp og lar heller «humla suse».

Utdanningskapasiteten med 40 audiografar ved NTNU skal etter sigande vera dekkande, kva er då problemet? Er det for få stillingar å søke på, er tilboda ikkje attraktive nok, eller er det løns- og arbeidsvilkår, stillingsstørrelse osb?

No må nokon (helseministeren) gripe tak i dette og sette tiltaka som er nemnt i rapporten ut i livet. Gruppa eldre som vert ramma av mangel på tiltak, er ei stor velgergruppe !

Gunvor Riim Opdal Leiar Pensjonistforbundet Odda Tyssedal

Ola Torbjørn Sekse Leiar Eldrerådet i Ullensvang

Kopi:

Hardanger Folkeblad, Odda

Trond Nedrebø, Pensjonisten

Ordførar Roald Aga Haug, Ullensvang kommune

Helse Fonna Haugesund

Pensjonistforbundet

Hordaland Pensjonistforbund